

Prop. 20 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2023 under Kunnskapsdepartementet

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 24. november 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Kunnskapsdepartementet fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2023.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2023

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av inntektsløyvinga på kap. 3222, post 02.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

Post 02 Salsinntekter o.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,1 mill. kroner som følge av høgare inntekter fra sal av fjernundervisningstenester frå Sørsamisk kunnskapspark og dei statlege samiske vidaregåande skulane i Kautokeino og Karasjok enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2023.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,8 mill. kroner på grunnlag av oppdaterte anslag for utgiftsbehov på posten. Reduksjonen kjem særleg av eit mindreforbruk til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i høve til Saldert budsjett 2023.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphold i Noreg

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 59,4 mill. kroner som følge av at færre elevar utløyser tilskot enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 39,3 mill. kroner som følge av at rentesatsane i ordninga blei lågare enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2023.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Departementet foreslår å redusere løvinga med 1,6 mill. kroner som følge av lågare omfang av opplæring i kvensk eller finsk som utløyser tilskot enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2023.

Post 74 Prosjekttilskot

I 2023 er ordninga for prosjekttilskot retta mot tiltak som skal betre læringsmiljøet gjennom tiltak mot mobbing. Etter at Utdanningsdirektoratet har avslutta søknadsbehandlinga for 2023 er det eit mindrebehov på 2,6 mill. kroner, og departementet foreslår derfor å redusere løvinga tilsvarende.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa***Post 04 Refusjon av ODA-godkjente utgifter***

Ein del av løvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklingshjelp og refusjon frå Utanriksdepartementet blir ført på posten. Departementet foreslår å redusere løvinga med 28,6 mill. kroner. Reduksjonen skuldast særleg lågare utgifter til opplæring av flyktningar frå Ukraina på kap. 225, post 64 enn lagt til grunn i samband med revidert budsjett for 2023.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa***Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast***

Departementet foreslår å auke løvinga med 10 mill. kroner til eit eingongstilskot til Lesesenteret for å utvikle fleire kompetansetiltak og støtteressursar til leseopplæringa i skulen. Dette vil styrke skulane i arbeidet med å utvikle leseferdigheitene til elevane i alle fag. Lesing er svært viktig for å kunne tilegne seg kunnskap, uttrykke seg, delta i samfunnet og utvikle kritisk sans. Lesing er også avgjerande for å kvalifisere seg til vidare utdanning og ikkje minst til eit arbeidsliv som stadig etterspør meir kompetente arbeids-takrar.

Departementet foreslår vidare å auke løvinga med 3,4 mill. kroner til eit eingongstilskot til TENK, som er skuleressursen til faktisk.no. Tilskotet vil styrke arbeidet med gode undervisningsressursar knytta til situasjonen i Midtosten og støtte skulane i arbeidet med kjeldekritikk, kritiske tenking og demokrati og medborgarskap.

Samla foreslår departementet å auke løvinga med 13,4 mill. kroner.

Kap. 228 Tilskot til private skular o.a.***Post 70 Private grunnskular, overslagsløying***

Departementet foreslår å auke løvinga med 177,9 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2023.

Post 71 Private vidaregående skular, overslagsløying

Departementet foreslår å redusere løvinga med 12,5 mill. kroner. Dette kjem av endringar i talet på elevar og korleis dei fordeler seg mellom utdanningsprogram i vidaregående opplæring, i høve til det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2023.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løvinga med 4,7 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2023.

Post 73 Private grunnskular i utlandet, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løvinga med 22,9 mill. kroner, i hovudsak som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2023.

Post 74 Private vidaregående skular i utlandet, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løvinga med 4,1 mill. kroner, i hovudsak som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2023.

Post 75 Private skular for funksjonshemma elevar, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løvinga med 58 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2023.

Post 76 Andre private skular, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løvinga med 1,7 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2023.

**Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo,
overslagsløyving**

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,3 mill. kroner som følge av lågare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2023.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner som følge av at det berre var to skular som til saman hadde 33 elevar på utveksling gjennom ordninga i skuleåret 2022–23.

Kap. 242 Noregs grøne fagskule – Vea

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av inntektsløyvinga på kap. 3242, post 45.

Kap. 3242 Noregs grøne fagskule – Vea

Post 02 Salsinntekter o.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner som følge av høgare inntekter enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2023.

Kap. 253 Folkehøgskular

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Ringsaker Folkehøgskole er lagd ned frå 1. juli 2023, og det skal derfor ikkje utbetalast tilskot til skulen for hausten 2023. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 4,4 mill. kroner.

Fire folkehøgskular får redusert tilskot hausten 2023 som følge av at dei har ein dekningsgrad på mindre enn 50 pst. av godkjent internatkapasitet. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner som følge av dette.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 8,4 mill. kroner.

**Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning
og kompetanse**

Post 01 Driftsutgifter

I 2023 har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse større inntekter mellom anna frå EU til administrasjon av programmet Erasmus+ enn det som er lagt til grunn i budsjettet. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på posten med 14,6 mill. kroner og ein tilsvarande auke i inntekter over kap. 3256, post 02.

det som er lagt til grunn i budsjettet. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på posten med 14,6 mill. kroner og ein tilsvarande auke i inntekter over kap. 3256, post 02.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse forventar større oppdragsinntekter i 2023 enn i 2022 fordi dei har delteke i fleire EU-prosjekt. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på posten med 10,1 mill. kroner og ein tilsvarande auke i inntekter over kap. 3256, post 01.

**Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning
og kompetanse**

Post 01 Inntekter frå oppdrag

I 2023 har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse større oppdragsinntekter frå EU-prosjekt enn det som er lagt til grunn i budsjettet. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på posten med 10,1 mill. kroner og ein tilsvarande auke i utgifter over kap. 256, post 21.

Post 02 Inntekter frå refusjonar o.a.

I 2023 har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse større inntekter mellom anna frå EU til administrasjon av programmet Erasmus+ enn det som er lagt til grunn i budsjettet. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet å auke løyvinga på posten med 14,6 mill. kroner og ein tilsvarande auke i utgifter over kap. 256, post 01.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

Post 70 Tilskot, kan overførast

Gjeldande løyving på posten er 180,6 mill. kroner, medan det er overført 227,1 mill. kroner frå 2022 til 2023. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner. Mindrebehovet skuldast i hovudsak mindreforbruk til prosjekt som har fått tilsegn om tilskot innanfor ordninga Kompetansepluss, men der tilskot ikkje blir utbetalta i år fordi mottakarane førebels ikkje har registrert deltakrar på tilboda.

Kap. 270 Studentvelferd*Post 74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.*

I 2023 er det sett av eit øyremerka tilskot på 1,9 mill. kroner til International Students' Union of Norway (ISU), jf. Innst. 12 S (2022–2023) og Prop. 1 S (2022–2023). Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) forvaltar midlane til dei landsomfattande interesseorganisasjonane for studentar. På bakgrunn av manglande rapportering og dokumentasjon frå ISU, vurderer HK-dir at det er betydeleg risiko for brot på vilkår og føresetnader for statstilskotet. HK-dir har opna tilsyn med ISU og tilrår mellom anna at dei ikkje får tilskot frå og med 2023. Kunnskapsdepartementet foreslår at løyvinga på posten blir redusert med 1,9 mill. kroner.

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Utbetaling av tilskot til studentsamskipnadene som har fått tilsegner til byggprosjekt blir gjort i tråd med framdrifta i prosjekta. Gjeldande løyving på posten er 890 mill. kroner. Prognosane frå Husbanken viser at utbetalingane av tilskot vil vere 806,6 mill. kroner i 2023. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 83,4 mill. kroner. Det er vidare behov for å redusere tilsegnfullmakta frå 1 693 mill. kroner til 829,1 mill. kroner, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Tilsegnfullmakta i 2023 skal dekke utbetalingar i framtida, dvs. frå og med 2024, av gamle og nye tilsegner medan løyvinga på kap. 270, post 75 skal dekke utbetaling i 2023. I Prop. 1 S (2022–2023) la departementet ved ein feil løyvinga på 871,4 mill. kroner på kap. 270, post 75 for 2023 til i berekning av tilsegnfullmakta, og samla ramme blei derfor 871,4 mill. kroner høgare enn den skulle ha vore.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt*Post 50 Verksemndskostnader*

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør betaler årleg Noregs kontingent til NORDUnet AS. NORDUnet AS organiserer samarbeidet mellom dei nordiske forskingsnetta. Kunnskapsdepartementet har tildelt Sikt 43,4 mill. kroner på posten i 2023. Sikt betaler kontingeneten kvartalsvis, og utbetalinga for fjerde kvartal i 2023 står att. På grunn av valutaendringar må beløpet justerast. Sikt har betalt om lag 26,5 mill. kroner hittil for

kontingeneten i 2023, og det står att å betale om lag 8,9 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere kap. 273, post 50 med 7,9 mill. kroner.

Kap. 285 Noregs forskingsråd*Post 55 Verksemndskostnader*

I revidert budsjett for 2023 overførte Justis- og beredskapsdepartementet 1,2 mill. kroner frå kap. 400, post 23 til Kunnskapsdepartementets kap. 285, post 55 til arbeidet i Noregs forskingsråd som nasjonalt koordineringssenter for cybertryggleik. Justis- og beredskapsdepartementet har ved ein feil betalt ut midlane til Forskningsrådet over sitt budsjett. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor i 2023 å føre tilbake 1,2 mill. kroner til Justis- og beredskapsdepartementets kap. 400, post 23.

Kap. 288 Internasjonalt samarbeid*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Kunnskapsdepartementet foreslår å auka løyvinga med 234 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på Utanriksdepartementets kap. 118, post 73. Auken skriv seg frå at det norske bidraget til Havpanelet er lågare enn tidlegare føresett.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 33,4 mill. kroner. Krigen i Ukraina, høg inflasjon, stor auke i energikostnadane og mangel på kritiske komponentar påverkar drifta av fleire store forskningsinfrastrukturar. Om lag 18,6 mill. kroner av løyvingsauken er Noregs del av eit ekstraordinært, eingongs kontingentbidrag til CERN for å oppretthalde forskingsaktivitetene mest mogeleg i denne situasjonen. Om lag 258 000 kroner er Noregs del av eit spleiselag for å dekke Ukrainas CERN-kontingent. Resten av auken på posten skriv seg frå endringar i valutakurs og gjeld kontingentutbetalingane til alle dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane.

Post 73 EUs rammeprogram for forsking og innovasjon

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 231,5 mill. kroner. Auken skriv seg frå endringar i valutakurs.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 58,8 mill. kroner. Auken skriv seg frå endringar i valutakurs.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning**Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving**

Barnestipend, tilleggsstipend for personar med nedsett funksjonsevne og flykningstipend for vaksne støttemottakarar, blir behovsprøvd mot inntekt, trygd og formue. Anslag frå Lånekassen tilseier at meir stipend vil bli omgjort til lån enn tidlegare lagt til grunn. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 28,9 mill. kroner.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 214,7 mill. kroner som følge av at den flytande renta på utdanningslån for 2023 blei 0,28 prosenteiningar lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2023.

Post 73 Avskrivingar, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 100 mill. kroner. Endringa skuldast ein auke i omfanget av utdanningsgjeld som blir avskriven grunna uførleik i høve til føresetnadene som blei lagde til grunn i gjeldande budsjett for 2023.

Post 74 Tap på utlån

Den observerte utviklinga så langt i år tyder på at omfanget av permanent overføring til Statens innkrevingssentral (Skatteetaten) av misleghalde

gjeldskrav blir lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2023. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 63 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 90,8 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at det har påløpt mindre renter enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2023.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning**Post 89 Purregebyr**

Det ligg an til å bli fleire purringar enn det som blei lagt til grunn i revidert budsjett for 2023. Departementet foreslår å auke løyvinga med 13,4 mill. kroner.

Post 90 Redusert lån og rentegjeld

Regnskapstal per 30. september tilseier at innbetalte avdrag på studielån blir lågare enn tidlegare lagt til grunn. Samstundes aukar innbetinga av rentar frå tidlegare år. Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 287,9 mill. kroner.

Kap. 5617 Renter fra Statens lånekasse for utdanning**Post 80 Renter**

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 821,2 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at den vekta flytande renta på utdanningslån for 2023 blei om lag 0,2 prosenteiningar lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2023.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2023 under
Kunnskapsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Kunnskaps-
departementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under
Kunnskapsdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
222		Statlege skular og fjernundervisningstenester:	
01		Driftsutgifter, blir auka med frå kr 132 376 000 til kr 135 442 000	3 066 000
225		Tiltak i grunnopplæringa:	
63		Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 117 761 000 til kr 116 003 000	1 758 000
64		Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphold i Noreg, blir redusert med frå kr 273 881 000 til kr 214 493 000	59 388 000
65		Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 331 258 000 til kr 292 000 000	39 258 000
67		Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk, blir redusert med frå kr 9 801 000 til kr 8 210 000	1 591 000
74		Prosjekttilskot, blir redusert med frå kr 7 262 000 til kr 4 668 000	2 594 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa:	
21		Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 289 420 til kr 1 302 820	13 400 000
228		Tilskot til private skular o.a.:	
70		Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 3 590 135 000 til kr 3 768 032 000	177 897 000
71		Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 966 368 000 til kr 1 953 826 000	12 542 000
72		Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 147 055 000 til kr 151 752 000	4 697 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	73	Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 125 189 000 til kr 148 101 000	22 912 000
	74	Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 18 015 000 til kr 22 153 000	4 138 000
	75	Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 444 095 000 til kr 502 103 000	58 008 000
	76	Andre private skular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 63 510 000 til kr 65 200 000	1 690 000
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 33 044 000 til kr 32 744 000	300 000
	81	Elevutveksling til utlandet, blir redusert med frå kr 2 246 000 til kr 933 000	1 313 000
242		Noregs grøne fagskule – Vea:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 32 657 000 til kr 35 396 000	2 739 000
253		Folkehøgskular:	
	70	Tilskot til folkehøgskular, blir redusert med frå kr 1 082 455 000 til kr 1 074 012 000	8 443 000
256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 449 738 000 til kr 464 294 000	14 556 000
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med frå kr 9 117 000 til kr 19 174 000	10 057 000
257		Kompetanseprogrammet:	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 180 552 000 til kr 150 552 000	30 000 000
270		Studentvelferd:	
	74	Tilskot til velferdsarbeid o.a., blir redusert med frå kr 83 819 000 til kr 81 963 000	1 856 000
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 889 980 000 til kr 806 610 000	83 370 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
273		Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt:	
	50	Verksemdeskostnader, blir redusert med frå kr 191 460 000 til kr 183 524 000	7 936 000
285		Noregs forskingsråd:	
	55	Verksemdeskostnader, blir redusert med frå kr 769 356 000 til kr 768 156 000	1 200 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak:	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med frå kr 49 321 000 til kr 49 555 000	234 000
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar, blir auka med frå kr 344 229 000 til kr 377 638 000	33 409 000
	73	EUs rammeprogram for forsking og innovasjon, blir auka med frå kr 3 713 893 000 til kr 3 945 366 000	231 473 000
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, blir auka med frå kr 980 694 000 til kr 1 039 449 000	58 755 000
2410		Statens lånekasse for utdanning:	
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 3 804 809 000 til kr 3 775 926 000	28 883 000
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 2 645 033 000 til kr 2 430 310 000	214 723 000
	73	Avskrivingar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 884 962 000 til kr 984 962 000	100 000 000
	74	Tap på utlån, blir redusert med frå kr 360 500 000 til kr 297 500 000	63 000 000
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 36 997 174 000 til kr 36 906 343 000	90 831 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3222		Statlege skular og fjernundervisningstenester:	
	02	Salsinntekter o.a., blir auka med frå kr 20 986 000 til kr 24 052 000	3 066 000
3225		Tiltak i grunnopplæringa:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 227 351 000 til kr 198 749 000	28 602 000
3242		Noregs grøne fagskule – Vea:	
	02	Salsinntekter o.a., blir auka med frå kr 6 261 000 til kr 9 000 000	2 739 000
3256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Inntekter frå oppdrag, blir auka med frå kr 1 649 000 til kr 11 706 000	10 057 000
	02	Inntekter frå refusjonar o.a., blir auka med frå kr 28 108 000 til kr 42 664 000	14 556 000
5310		Statens lånekasse for utdanning:	
	89	Purregebyr, blir auka med frå kr 87 600 000 til kr 101 025 000	13 425 000
	90	Redusert lån og rentegjeld, blir redusert med frå kr 12 917 045 000 til kr 12 629 184 000	287 861 000
5617		Renter frå Statens lånekasse for utdanning:	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 9 836 608 000 til kr 9 015 420 000	821 188 000

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II**Tilsegningsfullmakter**

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2023 kan:

- gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Samla ramme
270	Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar 829,1 mill. kroner



